

# Statsstøtterettslege vurderingar

## 1. Innleiing

Det er gjort vurderingar opp mot EØS-regelverket for alle prosjekta som vi innstiller på å støtte. Det er innhenta vurderingar frå Advokatfirmaet Thommessen for brorparten av prosjekta. Det er gjort grundige vurderingar for saksførebuinga som ikkje er lagt ved denne saka. Vi har funne at vi kan støtte alle prosjekta med summen dei har søkt om ved å nytte unnatak i EØS-regelverket ([bagatellstøtte](#) eller [GBER; det alminnelege gruppeunntaket](#)). Vi har fortrinnsvis forsøkt å nytte GBER, for å ikkje bruke av «kontoen» som selskapa har til bagatellstøtte, men dei mindre tilskota blir gitt som bagatellstøtte der det er råd. Det er meir ressurskrevjande for fylkeskommunen å nytte GBER, men her ser vi at vi uansett må gjere det for å ha høve til å tildele lovleg støtte då nokre av tilskota er for store for bagatellstøtte.

I dette notatet går vi kort gjennom dei viktigaste oppsummeringane og konklusjonane på kvar einiskild søknad.

Av ressursomsyn har vi berre gjort vurderingar av dei søknadane som vert innstilt for tilskot. Dersom hovudutvalet ynskjer å støtte andre søknadar enn dei administrasjonen har tilrådd bør det i vedtakspunkt bli tatt inn ei formulering om at tilskot blir gitt med atterhald om at tilskotet kan tildelast i tråd med EØS-regelverket. I etterkant av vedtak vil vi så gjere vurderingar før vi skriv eventuelt tilskotsbrev.

Der det blir konkludert med at tilskot blir omfatta av EØS-regelverket er det prosedyrereglar knytt til tildelinga. Det må mellom anna sendast ei melding til ESA på tilskota gitt under GBER (det alminnelege gruppeunntaket). Det kan også vere vilkår knytt til at ikkje alle kostnader kan støttast av fylkeskommunen eller særlege vilkår knytt til GBER.

## 2. Oversikt over heimlar for tildeling

Det er tilrådd å nytte følgjande unnatak:

- bagatellstøtte
- GBER artikkel 25 (Støtte til forsknings- og utviklingsprosjekt)
- GBER artikkel 26 (Støtte til forskningsinfrastruktur)
- GBER Artikkel 27 (Støtte til innovasjonsklynger)

Prosjektnamn	Søklar	Søknadssum	Heimel for tildeling jamfør EØS-avtalen
Grøn Transport Nordfjord - fase 1	Nordfjorderådet	500 000	Ikkje omfatta av EØS-avtalen
Pilot for regional satsing på ombruk i indre Sogn	Lærdal kommune	200 000	Ikkje omfatta av EØS-avtalen
Etablering av forum for landbruksplast	Bioregion Institute	150 000	Bagatellstøtte
Utvikling av sirkulærøkonomiprojekt i Stryn	Stryn Næringshage	200 000	Bagatellstøtte
Sosialaksept og barrierer for å implementere hydrogenproduksjon for vindkraft i Norge	Hub for Ocean	33 500	Bagatellstøtte
Forprosjekt - Handverksruta i Nordhordland UNESCO Biosværeområde	Nordhordland Utviklingsselskap IKS	300 000	Ikkje omfatta av EØS-avtalen
Oppsirkulering av maritimt metall i Gulen og Nordhordland	Industriutvikling Vest	481 000	456 000 kr som GBER artikkel 25, bokstav d og 25 000 kr. som bagatellstøtte
H2FOOD - sirkulærøkonomi	Årdal Utvikling	1 115 000	Bagatellstøtte

Action Platform Vestland	Global Compact Nettverk Norway	883 800	561 400 kr. frå GBER artikkel 25 bokstav d, og 322 400 kr. som bagatellstøtte
Pre-springbrett - en raskere vei til risikokapital	Connect Vest	450 000	GBER artikkel 27
Grøn 2030 - sirkulære forretningsmodeller i praksis	Atheno as	620 000	GBER artikkel 27
Omstilling og knoppskyting i etablert næringsliv	Aksello as	600 000	GBER artikkel 27 på 275 000 kr og 325 000 kr. som bagatellstøtte
20tretti	Startuplab as	200 000	GBER artikkel 27
Skybasert virtuell plattform som skal minimere reisebehov og fysiske salsarenaer	Media City Bergen as	956 000	GBER art. 25 (2) bokstav c
Berekraftig forretningsmodell for SMB-bedrifter som er motivert for omstilling	Connect Vest	1 000 000	GBER Artikkel 27
Øygarden iverksettes til et bærekraftig og innovativt næringsliv	Øygarden næringsutvikling as	1 000 000	Bagatellstøtte
Prosjektering av hydrogen testanlegg	Høgskulen på Vestland	396 000	GBER, artikkel 25 (2) bokstav d
Grønn energi - fra test til strømnett	Sustainable Energy as	2 220 000	GBER, Artikkel 27
Operasjonell innovasjonsarena for havnæringene	VIS	500 000	Bagatellstøtte

### 3. Kort vurdering av kvar søknad

Utfyllande vurderingar er utarbeida og arkivert, men følger ikkje med denne saka.

#### Grøn Transport Nordfjord - fase 1

Det er vurdert at Nordfjorderrådet ikkje driv økonomisk aktivitet i dette prosjektet, og eit tilskot vil ikkje vere omfatta av EØS-avtalen.

#### Pilot for regional satsing på ombruk i indre Sogn

Lærdal kommune driv ikkje økonomisk aktivitet i dette prosjektet, og eit tilskot vil ikkje vere omfatta av EØS-avtalen.

#### Eablering av forum for landbruksplast

Det vert lagt til grunn at Bioregion Institute er tilbyr tenestene sine til interesserte partnarar (i dette tilfelle forum for landbruksplast), og at dei omset varer og tenester i ein markand. Aktiviteten er difor rekna som økonomisk aktivitet jamfør EØS-avtalen. Dei har høve til å ta i mot bagatellstøtte og tilskotet blir gitt som det.

#### Utvikling av sirkulærøkonomiprojekt i Stryn

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Stryn næringshage har høve til å ta i mot bagatellstøtte, og tilskotet blir gitt som det.

#### Sosialaksept og barrierer for å implementere hydrogenproduksjon for vindkraft i Norge

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er ein liten sum og Hub for Ocean har stadfesta at dei kan ta i mot bagatellstøtte.

### Forprosjekt - Handverksruta i Nordhordland UNESCO Biosværeområde

Det er vurdert at dette prosjektet ikkje er omfatta av EØS-avtalen. Truleg aktiviteten til utviklingsselskapet ikkje bli rekna som økonomisk aktivitet, og det kan stillast spørsmål om dette prosjektet påverkar samhandelen.

### Oppsirkulering av maritimt metall i Gulen og Nordhordland

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har vurdert det slik at 456 000 kr. kan tildelast i tråd med GBER artikkel 25. Grunnen til at dei ikkje kan få heile summen etter GBER er at ikkje alle kostnadane er godkjent etter det regelverket. For å tildele summen Industriutvikling Vest har søkt om må resterande sum på 25 000 kr. tildelast som bagatellstøtte. Vi har sjekka at dei kan ta i mot bagatellstøtte.

### H2FOOD – sirkulærøkonomi

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Berre ein mindre sum på vel 100 000 kr. kan tildelast etter GBER. Aktuell artikkel ville då vere artikkel 26. Vi har sjekka at Årdal utvikling kan ta i mot bagatellstøtte og heile summen blir tildelt som bagatellstøtte.

### Action Platform Vestland

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har høve til å gje Vi kan gje 561 000 kr. med heimel i GBER artikkel 25, bokstav d (forundersøkingar). Grunnen til at ikkje heile summen det er søkt om kan støttast under GBER er at ikkje alle kostnadar er støtteberettiga etter det regelverket. Vi har sjekka at Global Compact Nettverk Norway kan ta i mot bagatellstøtte, og resterande sum kan tildelast som bagatellstøtte.

### Pre-springbrett - en raskere vei til risikokapital

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile tilskotet kan tildelast i tråd med GBER artikkel 27.

### Grøn 2030 - sirkulære forretningsmodeller i praksis

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile tilskotet kan tildelast i tråd med GBER artikkel 27.

### Omstilling og knoppskyting i etablert næringsliv

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi kan tildele 275 000 kr. i tråd med GBER artikkel 27. Grunnen til at vi ikkje kan tildele meir er avgrensingar i regelverket knytt til kva som er godkjente kostnadar og maksimal støtteintensitet. Vi har sjekka om dei kan ta i mot bagatellstøtte, og dei har høve til å ta i mot bagatellstøtte på resten av midlane.

### 20tretti

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile tilskotet kan tildelast i tråd med GBER artikkel 27.

### Skybasert virtuell plattform som skal minimere reisebehov og fysiske salsarenaer

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile tilskotet kan tildelast i tråd med GBER art. 25 (2) bokstav c.

### Berekraftig forretningsmodell for SMB-bedrifter som er motivert for omstilling

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile tilskotet kan tildelast i tråd med GBER artikkel 27.

### Øygarden iverksettes til et bærekraftig og innovativt næringsliv

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er uklart om det er heimel til å tildele støtte etter GBER-artikkel 27. Dette må i så fall vurderast nærare. Vi har henta inn dokumentasjon som seier at Øygarden næringsutvikling har høve til å ta i mot heile summen som bagatellstøtte, så om ikkje kostnadane blir avklara mot GBER artikkel 27 blir heile summen tildelt som bagatellstøtte.

### Prosjekttering av hydrogen testanlegg

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile summen kan tildelast i tråd med GBER artikkel 25 (2) bokstav d (forundersøkingar).

### Grønn energi - fra test til strømmnett

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile summen kan tildelast etter GBER artikkel 27.

Operasjonell innovasjonsarena for havnæringene

Prosjektet er vurdert å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er ikkje funne eit rettsleg grunnlag for å gje støtte etter GBER. Dersom vi skal støtte prosjektet må tilskot bli gitt som bagatellstøtte.